

AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Tilsegn om startlånmidlar

Husbanken takkar for innsendt behovsmelding og søknad om startlånmidlar. Vi ser fram til vidare samarbeid i 2023.

Søknadar om anna økonomisk verkemiddel enn startlån sendast til Husbanken via e-søknad/Ekstranettet på [Husbanken.no](https://husbanken.no). Spørsmål kan rettast til [Husbankens regionkontor](#).

Løyva startlånmidlar

Husbanken har løyva kommunen:

- **10 000 000 kr** i startlån

Nedbetalingsvilkår

Kommunen fylte ut sitt ønskje om lånetype og nedbetalingstid i søknaden. Låneavtale med lånevilkår og simulert betalingsplan følgjer vedlagd.

Alle lån vert utbetalt med flytande rente. Renta kan endrast frå flytande til fast etter utbetalinga. Ved ønskje om rentebinding, kan kommunen hente fastrenteavtale på Ekstranettet. Sjå informasjon om Husbankens rentetilbod på [Husbanken.no/rente](https://husbanken.no/rente).

Kva må kommunen gjere for å få midla utbetalt?

- Returnere vedlagde låneavtale stempla og underskriven av ordførar eller den med delegert fullmakt. Kopi av fullstendig delegasjonsfullmakt må leggest ved.
- Var det ikkje lagt ved søknaden; sende inn kopi av vedtatt investeringsbudsjett der låneopptaket kjem tydeleg fram.

Låneavtale og vedlegg skal sendast til:

Husbanken
Postboks 1404
8002 BODØ

Dokumenta kan og sendast til Husbanken elektronisk via kommunen si saks- og arkivsystem til Altinn.

Frist for utbetaling er tre månadar frå dato. Dersom Husbanken ikkje har motteke signert låneavtale og naudsynte vedlegg innan fristen, fell lånetilsegnet bort.

Kva skal startlånet brukast til?

Startlån skal bidra til at personar med langvarige problem med bustadfinansiering, kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde den.

Barnefamiljar er ei prioritert målgruppe for startlånsordninga. I mange tilfelle vil dette krevje tilskot i kombinasjon med lang nedbetalingstid for startlånet. Tilskot kan erstatte redusert avdragsbetaling. Unge uføre er ei anna gruppe som skal prioriterast innanfor ordninga.

Kommunen kan og gje startlån for å oppnå betre utnytting av kommunalt disponerte bustader. I tillegg kan startlån brukast dersom bustadsituasjonen i kommunen hindrar moglegheitene til å oppretthalde eit arbeidsforhold, eller hindrar utvikling av det lokale næringslivet.

Innfridde startlån kan lånast ut på nytt

Midlar kommunen mottek i ekstraordinære avdrag eller ekstraordinære innfriing av startlån, kan brukast til å gje nye startlån. Midlane kan ikkje nyttast til andre formål enn startlån.

Informasjon

Vi ønskjer så langt som mogleg å unngå at kommunens innbyggjarar får avslag på sine søknadar om startlån grunna manglande utlånsmidlar i kommunen. Ta kontakt med Husbanken sitt regionkontor om din kommune treng å søkje om ytterlegare startlånmidlar utover året, eller om de ønskjer meir informasjon.

De kan også lese meir om ordningane på www.husbanken.no.

Aktuelt regelverk

- Husbanken gir lån til kommunar for vidare utlån av startlån til enkeltpersonar i samsvar med [Forskrift om lån fra Husbanken kap 5 Startlån](#). Kommunane si vidaretildeling av startlån skal vere i samsvar med regelverket.
- Kommunane skal rapportere til Husbanken om bruken av midlane til startlån er i samsvar med Husbankens bestemmingar. [Forskrift om lån fra Husbanken § 7-10](#).
- [Rettleiar for lån frå Husbanken](#)
- Rente- og avdragsvilkåra er regulert i [Forskrift om lån frå Husbanken, kap 8. Rente- og avdragsvilkår](#).
- [Rettleiar om tapsdeling og administrering av startlån \(HB 7 B.15\)](#)

Klagerett

Husbanken si avgjersle er ikkje eit enkeltvedtak, og de kan difor ikkje klage på dette vedtaket.

Med helsing
HUSBANKEN

Bjarte Bøe Alræk
Avdelingsdirektør

Britt-Nina Fløysand Borge
Seniorrådgiver

Vedlegg:
Låneavtale
Simulert betalingsplan